

Vidar Bratthund-Møland

Bjørn T. Bøe

Saks og sukkertøy for
JULENISSEN
og andre forteljingar

EPIPHANY BØKER

Juli Støvo V

Desse julehefta var noko eg starta for fem år sidan som ei utviding av barnebokuniverset mitt om Kald Kaffi Sauen, men som sidan har utvikla seg til ein eigen tradisjon nesten fritt frå sauer og desperate pappaer. Frå og med det andre året hadde eg med på laget min gode ven Bjørn, og vi har også hatt andre bidragsytarar innom. Det planlegg vi å halda fram med.

Som vanleg har både Bjørn og eg skrive ei ny juleforteljing til dykk. Hovudforteljinga i år handlar om kva som egentleg går føre

seg heime hjå Nissen på julaftan, i "Saks og sukkertøy for Julenissen". Bjørn si historie er eit utdrag frå ein antologi vi arbeider på saman. Den handlar om ein liten gjeng som samlast for å fortelje røvarhistoriar for kvarandre - ikkje ulikt det vi sjølv brukar å gjere. "Jolerøvarane" er ei av desse røvarhistoriane.

Jula er noko som både Bjørn og eg har svært sterke forhold til, men av ulike grunnar. Det er den gode, nostalgiske kjensla vi får som vi har lyst til å dela med dykk. Difor opnar vi årets

julehefte med ei helsing kvar om kva det er som manar seg fram inne i oss når vi tenkjer på jula. Vi har von om at det kan hjelpa dykk til det same.

Riktig god jul frå

Vidar og co.



Då eg møtte Nissen for fyrste gong



Foto: Ådne Lunde www.real-santa.no

av Vidar Bratlund-Mæland

Eg har berre vage minne frå den fyrste gongen eg møtte Nissen. Det var på eit kjøpesenter. Både bestemor og tante var der, trur eg. Men det som var størst var nok at mamma kjente Nissen!

Heime i huset vårt kom ikkje Nissen på julafta, han kom natta før. For meg medførte det at eg kjempa som ein hund for å halde meg vaken. Eg forsøkte alltid



å sørgja for at Nissen skulle få det kjekt når han kom. Eg klarte aldri å halda meg vaken, men Nissen kom likevel. Eg gjekk alltid glipp av det. Den dagen me møtte han på senteret, det var ein stor dag, sjølv om han no ligg i eit av minnas tåker.

Som vaksen har eg hatt glede av å bli kjent med mange nissar av ymse slag. Eg har til og med ein del år hatt gleda av å vera vikar for Julenissen. Men ingen snøslott og reinsdyr kan måla seg med dette første møte med Kløvernissen.

Eg unner dykk eit godt møte med Nissen, de óg, med ønskje om ei god jul til dykk alle.

Førjulsnett

av Bjørn T. Bøe

Store, stille flak som dalar sakte nedover. Dei einaste lydane eg høyrer er små, kviskrande knitrelydar idet snøflaka landar på den kvite bakken, eller den mykje skarpere knakinga kvar gong eg set foten ned. Sjølv om det snør er det stjerneklart: skyene har

alt sigla sin veg, men dei store, tjukke snøflaka brukar lang tid ned til bakken. I det snødekte landskapet ser eg husa berre frå dei varme, ljose vindauga; alt anna er kvitt. Kvart pust dannar ei tjukk sky framfor meg medan eg traskar oppetter vegen gjennom snøen. Stega

mine er vide og tråkka djupe, for ingen har måka den mjuke snøen på vegen enno. Eg tenkjer at bonden og traktoren nok kjem til å ta seg ein runde i kveld, men enn så lenge har eg denne magiske opplevinga heilt for meg sjølv. I hovudet mitt er kvar ein busk og stein skjul for ville dyr; hjort, hare, kanskje ein rev, som på disneysk vis lydlaust følgjer med meg der eg invaderer den vesle skogsvegen og den naturlege idyllen.

Eg kjem rundt svingen der ein gong slengdissa hang, og snart kan eg sjå heile vegen opp i dalen til det vesle, kvite huset til Farmor og Farfar. Berre at det ikkje lenger er huset



til Farmor og Farfar. Dei er båe borte, no. Dei har vore daude i mange år. Det er nokon andre som bur i det huset som ligg så lunt til mellom stølen og skogen, og eg ser at dei har hengt ei stor julestjerne i stuevindauget. Sjølv om det er mørkt kan eg sjå ei tynn stripe røyk bukte seg opp frå pipa i den vindstille natta. Det varmar hjartet mitt å sjå at julekosen lever i det huset sjølv no. Det er eit hus eg alltid vil forbinda med jula, for minna om Farmor og Farfar er prega

av eviggrøn sommar og snødjup jul. Slik er det med minne. Eg hugsar fuglenek med dompappar, gamaldagse kjelkar og sparkar, og mykje anna. Det er jula slik eg minnest ho.

Men det er rart, for eg veit at ikkje alle desse minna er ekte. Eg veit at jula oftast var grå og regntung, også då eg var liten; ikkje tale om klare stjernehimlar, og snø på julaftan var noko vi sjeldan vart velsigna med. Men likevel har eg desse

minna, desse krystallklare bileta for korleis jula skal vere, og sjølv om det framleis aldri er slik, sluttar eg ikkje å sjå fram mot neste gong, sikker på at det er slik eg hugsar det det alltid skal bli.

Eg har minne om ein desember månad som eg veit at eigentleg ikkje er éin, men mange desembrar blanda saman. Det gjer ingenting at det eigentleg ikkje er slik som eg hugsar det. Minna blir verdfulle skattar eg



miskunnsamt vaktar, og som vekkjer i meg kjensler eg ein gong hadde. Dei kan koma fram av seg sjølv for dei merkelegaste ting. Dufta av krumkaker eller hjortebakkels. Synet av eit julenek. Kjensla av tjukke, fjøraktige snøflak

som smeltar på panna og nasetippen min, og smaken av dei. Det opplever eg no. Og synet av Farmor- og Farfarhuset i ei malerisk ramme av stjerneklar vinterkveld, det er noko av det sterkaste eg kan sjå.

Saks og sukkertøy for Julenissen

av Vidar Bratlund-Mæland



Nissen stod og plukka klissete drops ut av skjegget. Han stirra djupt inn i spegelen. Dette hadde ikkje gått som planlagt, og det var berre tre dagar att til julaftan

då sleden skulle ut. Dette året hadde eigentleg veldig lite gått bra. Mange trur nok at Nissen har mange alvar og hjelparar på nordpolen. Det hadde han før. Men ein

dag for knappe 10 år sidan, hadde han tatt i mot det dumme rådet å automatisera gåveproduksjonen og tatt i bruk data. Ein av hjelparane hadde meint det var så

smart. Dei fekk då henta inn ekspertar i frå NASA til dette i bytte med at dei kunne få bruka basen til å kika på himmelen. Men i dag kjentes ikkje dette som ein god ide.

Morgonen hadde starta med at isen under Nissens fabrikk nok ein gong hadde tatt til å sprekkja, som resultat av humørlaus smelting. Og med dette hadde grunnmuren igjen fått ein svær sprekk, og alle hadde måtte hjelpa til med reperasjonar. Inn gjennom veggjen hadde vatn spruta, og nissen som ikkje ville overlata nokon jobb til

andre, hadde og sprunge inn og tatt tak. Der, i det rommet, hadde han blitt både våt og kald. Det i

seg sjølv var ikkje så stort problem, om ikkje dette hadde vore rommet der han lagra sukkertøy. Nissen har





ikkje mykje hår, men han har meir en nok skjegg. Noko han angra litt på no.

Huset hans ligg forholdsvis høgt i landskapet med utsyn over Nordpolen.

Og naturleg nok er det dekket med snø. Han prøvde eit år på 80 talet å ha oppvarma gardsplass utanfor huset, for å få litt mindre snø. Dette var ein god ide framsett av ein

hjelpar med navn Fred.

Problemet viste seg ut på sommaren då snøen smelta og dei fekk bekrefta noko dei eigentleg visste, at Nordpolen kun er is og snø oppå sjø. Den gongen og enda dei opp med å måtte tetta huset og ausa vatn. Men den gong var det ikkje data og automatiserte robotar der. Det var kun trygge manuelle mekaniske maskiner som var lette å tørka og fiksa, og som var styrte av alvar. Nemde eg forresten at Fred var hjelparen som foreslo data og automatisering?

Nissen hørte nokon i døra bak seg. Han kika etter

der han sto ved spegelen.

«Oi som du ser ut» ler fru Nissen, Elna.

Han smiler mot ho. «Eg ser ikkje halvparten så ille ut

som eg kjenner meg»

«Eg synest du ser søt ut, eg» ler ho.

Han humrar tilbake.

«Det er nok berre

sukkeret. Eg hadde gløymt at sukkertøy kunne være så vanskeleg å få ut».

Elna går bort, ser nøye på han og sukker «Dette vil ta si tid.»

Då kjem ein hjelper springande inn. «Nisse! Nisse!» ropar han.

«Eg er her og eg er ikkje døv.» Han ser skeivt på alven som trippar.

«Me har eit lite problem»

Problem er ikkje Nissen sitt favorittord. Han er kjend for å være problemsky og går gjerne store omvegar for å sleppa små problem som kan bety ubehag. Ein gong flytta han til Sørpolen. Det





var etter at skipet Fram i 1893 fraus fast i nordisen. I tre år gjekk han omvegar for å sleppa å møta på Nansen. Då isen endeleg slapp taket i båten, pakka Nissen og alvane sakene sine og reiste sør. Der trudde han at det skulle bli fred og ro til å

jobba. Men søren heller, kom ikkje det nok ein nordmann drivande der og. Så der gjekk han nok ein gong og gøymde seg, denne gongen for Amundsen. Det seier seg sjølv at han like gjerne kunne reisa heim. Og no var ordet problem dukka opp att.

«Kva er det?» Han ser nervøst å alven.

«Du veit den dataen?» Alven skuler opp på han.

«Ja?» Nissen aner noko han ikkje likar.

«Det har seg sånn...du veit at...æ. Ok. Dataen tålte visst ikkje vatn. Og som du veit så har me så vidt hatt eit lite problem med vatn i dag.»

Nissen visste det. Han hadde sjølv stått til knes i det og i flytande drops.

«Treng me dataen for å få maskinane til å laga dei siste gåvene?» Han skuler nervøst på alven.

«Nei. Maskinene klarer å gå på eiga hand.»

Nissen pustar letta ut.

«... men...»

«Men?» Nissen gjentar ordet til alven.

«...men det viste seg at maskinene heller ikkje tålte vatn så veldig bra.»

«Så veldig bra? Så dei fungerer?» Nissen ser på han med smale auge.

«Det er vel å dra det litt lang å seia fungerer. Du skjønner at nordlyskompresoren som skaper straumen tålte og dårleg vatn. Og maskinene tålte dårleg vatn. Og dei to tinga til saman skapte på ein måte ein... eksplosjon.»

«Eksplasjon?» Nissen måpte.

«Eg høyrte ingen ting.»

«Ja, er det ikkje bra? Lydisoleringa me laga til fabrikk-ken fungerte som ei kule.»

Nissen set seg ned og ser opp på alven Fred. Elna stryk han trøystande på skuldrene.

«Men kva gjer me no, Fred?»

Fred flakkar med augo. Nissen rettar seg opp, stryk handa over skjegget som er fullt av drops og sukkerstenger. Og han merkar no at børsten også sit bom fast.



Alven og Nissen går nedover fabrikkjen og ser og tenkjer. Noterer og tel. Og etter nokre rundar begynner oversikten over kor mange gåver som mangler å koma.

«Dette vert ikkje lett, Fred» seier Nissen. «Trur du me kan få litt hjelp av NASA vennene dine til å få dette i gang igjen?»

Fred ser ned. «Dei hoppa på første spionflyet vekk.»

«Dei gjorde vel det...det synest eg å hugse dei gjorde som barn óg.»

«Dei var vel ikkje nøgd med gåvene eg gav dei.» Han ser med blanke auge ut

vindauga. Fred ser ned og vekk. Dei sullar bort til ein benk og set seg ned.

«Så, Fred...» seier Nissen.

Før han får sagt meir, kjem Elna inn saman med ein liten gjeng.

«Eg var borte i bridgeklubben og såg om det var nokon som trengte utfordringar der. Og veit du, det var nokre der som etter kvart var begynt å keia seg.»

Dei ser leande på Nissen og Fred.

«Du veit..» seier han eine. «10 år med kortspel er alt for mykje.»

Elna tar Nissen på aksla. «No lar du Fred og desse

rydda opp litt, og sjå kva dei får til. Og medan dei gjer det, må du bli med meg.» Dei går hand i hand ut av rommet.

Tilbake framfor spegelen står dei og ser.

«Du kan ikkje sjå slik ut, Kriss.» seier Elna til Nissen.

«Eg veit.» sukker han. «Eg får ikkje ein gong ut børsten. Han sit bom fast.»

Elna ser på han og nikkar. «Det må nok vekk.» seier ho, og tar fram saksa.»

Nissen sveljger tungt og ser skrått på ho. Så kjem den rolege lyden av ei saks. Klipp, klipp, klipp. ikkje for fort.

Nissen har lukka augo og tør ikkje sjå. Klipp, klipp, klipp.

«Sånn. No kan du sjå.» seier ho. Han opnar det eine auge litt. Han ser på seg sjølv.



«Kva synst du?» spør ho. Han ser. Snur på hovudet fram og tilbake og ser.

«Det har ikkje vore så kort sidan den colareklamen på 1920-talet.» seier han.

«Men liker du det?» Elna ser spent på han.

«Jo, Ja...» Han drar på det. «Jo.. eg liker det. Eg ser jo 100 år yngre ut.» seier han, og ser på henne og ler.

«97 år,» korrigerer ho, og ler med.

Han reiser seg og tar på seg jakken. Han kjenner han framleis er litt kald etter isbadet. Dei går ut att til dei andre som har funne nokre gamle maskiner frå lageret

som dei monterer. Alle tar i eit tak. Nissen ser rundt seg på aktiviteten i fabrikkjen. Dette er sånn det bør vera. Og han veit dei vert ferdige med alt på dei neste tre dagane. Han kjenner han likar dette betre enn data og robotar. Han er ein gammal mann og treng ikkje hoppa på alle nye innfall. Han er tross alt 1700 år gammal.

Frå golvet ser Fred opp på Nissen. Han har akkurat fått ein ny god ide.



Jolerøvarane

av Bjørn T. Bøe

Ein kveld etter mange krus mjød i lystig lag går Jakob Lettpåta seg bort på heimvegen. I den eine augneblinken er han i svingen før stova si, men i den neste har eit vilt vindkast

med snø og is blese han frå vegen og opp i ei snøfonn. Han er ikkje verre på det enn at han kjem seg på beina att, men no ser han korkje sti eller kjennemerke. Han ristar på hovudet og baksar seg over snøfonna, og sanneleg der ligg ein veg. Men han ser både nord og sør, og aust og vest, men ikkje kan han sjå teikn til skigarden til bonden, og ikkje kan han sjå spor av oska rett før svingen før stova si. Stjernene kan han ikkje sjå for skyene, og når det i tillegg tek til å snø ser han ikkje anna råd enn å velge ein retning og følgja stien.

Han går ikkje langt før han ser spor i snøen framfor seg. Godt, tenkjer Jakob, då finst det folk eg kan spørja om vegen! Og han har ikkje runda neste sving før han får auge på nokre skapnadar i snøen. Men han skjønar fort at det slett ikkje er folk som er på ferde denne kvelden! Smidig snik han seg innpå, inn under ei brake, og snart kan han overhøyre kva dei skumle vesena pønskar på. Sanneleg er det ikkje to tusser som står i snømrøktet og pønskar på noko ulumsk!

“Pass på at snøret er stramt!” kvesar den eine, hengslete og krumbøygde.

“Snøret er stramt, pass på at du ikkje misser sekken, du!” fresar den andre, kvapsete og stutt. Mellom seg slit og dreg dei i ein stor sekk, med noko tungt og levande i. Jakob kan ikkje høyra kva, berre dempa mumling av eit eller anna slag.

Kva er det for noko fanteskap dette pakket balar med? tenkjer Jakob med seg sjølve.



“Er du sikker på det er han?” kvesar førstemann.

“Heilt sikker! Han har kvitt skjegg og alle ventar på at han skal kome til jol” Han formeleg spyttar ut det siste ordet.

“Hahaha!” fresar den andre med rusten stemme. “Endeleg skal vi vise dei!”

“Tung og uhamslig skal han vera, den fusentasten,” hvesar førstemann, og dreg i sekken.

“Men me har teke han!” fresar den andre.

“Ja, endeleg er han vår! I år skal det endeleg ikkje bli jol!”

Jakob trudde ikkje sine egne øyre. Kva var dette? Kva hadde desse tussene stelt i stand? Og kven var i sekken?

Den hengslete gjer sekken eit godt spark, og båe set dei i gong med det Jakob først

trur er hostekuler, før han skjønar at det er meir hesleg latter!

Dei løftar sekken mellom seg, og set avgarde i hjulbeint gallopp. Jakob trer fram frå skjulestaden sin, og klør seg i hovudet. Kva er dette som utspelte seg framføre han? Noko godt kan det umogleg vere, kjenner han tussefolket rett.

Brått er det ei stemme som kremtar, og han hoppar rundt med eit støkk. Der på haugen bak han står ein framtoning han ikkje har sett maken til. Ein raud rev i blå jakke og kvit krave, med ei pipe i den eine labben.

“Kven er du?” utbryt Jakob, endå han veit det godt: Rasken Raude!

“Jakob Lettpåfot, kvikt no, ikkje sitt på labben!” bjeffar Rasken.



“Berre du kan redde jola no!”

“Redde jola?” spør Jakob.

Reven sukker oppgitt, “Ja, jola! Kva trur du dei fælslege tussene har teke i sekken, om ikkje ein kvitskjegga kar, og heile jola med han!”

Jakob blir ståande og måpe. Kan det vere sjølve Jolkaren tussene har røva?

Reven himlar med augo. “Raska på no, lett på tå må du vere no om du skal redda jola!” Og like brått som han kom puttar han pipa i munnen, smett bakom haugen, og er borte.

Jakob ristar på hovudet, og tenkjer på kor mykje

drykk han har fått i seg, men så skjønar han at her er inga tid å miste, og han snur på hælen og byksar etter tussene.

Snøen er framleis tett, men han har ingen vanskar med å følgje spora deira, ut av veggen, over haugen, gjennom bekkefar og buskas. Snart tek han dei att, og ser dei forsvinne over ryggen på ei høgde. Han smyg seg forsiktig oppover, og legg seg på magen for å sjå over kanten. Og ved foten av bakken nede i eit dalsøkk ser han dei der dei dreg og slit i sekken, og sparkar borti han med jamne mellomrom.

I enden av dalsøkket gapar ei dyster hole, og det er mot denne dei dreg sekken.

Himmel og hav! tenkjer Jakob. Ikkje pokker om eg vil følgja etter tussene ned i underverda!

Gode råd er dyre, så Jakob tek det han har for handa: Snø! Han pakkar saman ein durabeleg neve av den kramme snøen til ei hard kule. Så lukkar han eit auge, og sender snøballen med han maktar. Men drukken som han er, er ikkje sikta hans så mykje å snakke om, og ballen ser ut til å bomma med god margin. I staden for å treffa tussane treff



han snøen over holegapet.
Skuffelsen er kortvarig når
Jakob ser mengdene med
snø over hola rikka på seg,
om enn berre nokre tommer.
Men han er oppdaga!

Tussene slepp sekken,
og snur seg mot
han. “Kven der?” fresar den
hengslete.

“Der er han, Fnyse!”
kvesar den andre.

“Ta han, Krøst!” fresar
Fnyse, og båe byrjar vralte
mot bakken. Men bakken er
bratt, og dei to utyska meir
eller mindre skli ned med
den tunge sekken, så dei
balar med å koma seg opp
att. Jakob tek til å pepre dei
med snøballar, og det heile
blir eit komisk skue, før ei
grim stemme skjer gjennom
natta.

“Død og pine! Eder og
galle!” remjar den grove
røsta, og alle tre vender seg
forskrekka mot hola, der
ein diger, lurvete varg kjem
dragande på ein kjelke. I
kjelken sit ein enorm og
gråspregd tussekall under

ein stabel skinnfellar. Han har dissande kjakar og feite, slimete lepper. “Kva er det som hender her, og kvifor gjer ikkje tussene mine som befalt?” kvekkar han.

“Tussegrimmen!” bryt Fnyse og Krøst ut i kor. Dei fell på knærne og okkar og ber seg. “Å, store Tussegrim, forlèt dine audmjuke tenarar! Vi har røva jola for deg, som du befalte, men denne fusentasten vil oss vondt og søkjer å stikka kjeppar i hjula for oss!”

Tussegrimmen støyter ut eit raut så slevet sprutar og kjakene hans flagrar. “Kven er du, som søkjer

fiendeskap med sjølvaste Tussegrimmen?” brølar han, så vargen ynkar seg.

“Eg er Jakob Lettpåta, og ikkje skal du røva jola så sant det er mitt namn, Tussegrim!” Han reiser seg opp, og står standhaftig på toppen av bakken.

Tussegrimmen brølar i sinne. “Ta han, mine trufaste småtussar! Gjer kål på han! Bring meg hovudet hans og alle innvollane i skrotten hans!”

Dei to lakeiane prøver å klatra over ein annan for å koma seg opp bakken. No er han ille ute! Han kjenner

nedover kledda sine etter noko å bruke mot dei, og sperrar augo opp i det han oppdagar eit glas med sursild i bringa på skjorta si. Han minnest vagt at han fekk det på ølstova for å ha kveda ei grov vise, men rekk ikkje å tenkje på det no. Krøst har kome seg på toppen av sin keitete kompanjong, og brukar den andre tussen som fotfeste for å kravle opp bakken! Jakob kastar glaset rett i skallen på tussen så det knuses i tusen bitar.

Nedover rullar dei, ein masse av snø og tussar, før dei treff bakken i dalsøkket

med eit dump. Jamrande stablar dei seg på beina att, og kjenner den motbydelege eimen av sursild. Men det gjer Tussegrimmen sin trekkhund også, og med eit ljomande bjeff skyt han framover så Tussegrimmen turnar bakover av kjelken og inn i tunnellen, eit vas av skinnfellar og ukvemsord. Skrekken lysar i augo på dei to småtussane i det dei ser beistet sette mot dei, og dei fer avgarde med hjarta i halsen. Denne gongen har dei ingen vanskar med å klatre opp av dalsøkket! Jakob ser dei forsvinne innover i skogen med vargen

i hælane. Han siktar godt, og kastar ein treffsikker snøball i snøfonna over hola. Endeleg gjer snøen etter, og fonna rasar ned og begraver hola, og bannskapen som



kjem frå gongen innanfor.

Jakob skundar seg ned i søkket, og er snar med å få skore opp sekken. Men når han ser kva innhaldet er måpar han. Ut av sekken kjem det ein lodden hundekvalp, med kvit, raggete pels. Han lograr vilt med halen, og sprett og hoppar oppetter Jakob, så han reint må sette seg på bakken og la seg bli sleika i andletet medan han ler høgt. “Jaså, ja, ein kvitskjegga kar, det må eg seie!” flirar han. “Kom igjen, vesle kar, vi må koma oss avgarde før den marvargen eller dei ulumske

tussene kjem attende.

Han ber den skjelvande kvelpen med seg, og tru om han ikkje snart finn att vegen som han mista. Det er ikkje lenge før han er attende i bygda, og ved vegkrysset står ei kone og ein mann og græt og bær seg. Då dei får auge på Jakob og kvelpen lysar dei opp, og kjem springande mot dei med opne armar.

“Å, takk og lov!” utbryt kona.

“Takk, å takk!” seier mannen, og ristar

entusiastisk i Jakob sin neve medan kona tek hunden og klemmar han tett.

“Kva kan vi gjera for å takka deg?” spør ho. Jakob er forfjamsa, og han skjuler det ikkje. “De skuldar meg ingenting om de kan forklare kva som er så spesielt med hunden?”

“Å,” svarar mannen, “gjetarhunden vår døydde nyleg av alderdom, og dette var den einaste kvelpen i bygda å få tak i. Utan gjetarhund kan vi ikkje passa flokken vår”

“Og ikkje nok med det,” legg kona til, “hunden var dotter vår sin kjæraste ven, og ho ønskte seg ingenting anna enn ein ny hund til jol. Vi trudde reint jola var øydelagt i år.”

Då ler Jakob høgt, og takkar dei attende. Han ser at det er lys i ølstova, og bestemmer seg for at akkurat i kveld har han fortent nokre krus til. Det er nemleg ikkje kvar kveld at ein reddar jola heilt på eiga hand.

*



Jul i støvo V

Årleg julehefte til barneskulane i Os

Ugjeve av Epiphany bøker
bok.epiphany.no
facebook.com/julistovo

Ansvarleg redaktør:
Vidar Bratlund- Mæland

Jul i støvo vert utgjeve med stønad
frå Os kommune sine KUP-midlar.



Bidragstatarar:

“Saks og sukkertøy for Julenissen”

Tekst og illustrasjonar: Vidar
Bratlund-Mæland

“Då eg møtte Nissen”

Tekst: Vidar Bratlund-Mæland
Ill.: Bjørn T. Bøe

“Førjuls natt”

Tekst: Bjørn T. Bøe
Ill.: Vidar Bratlund-Mæland


“Jolerøvarane”

Tekst: Bjørn T. Bøe
Ill.: Vidar Bratlund-Mæland
*Utdrag frå Tre jolesegner for Dur-
målsbrorskapet av Bjørn T. Bøe og
Vidar Bratlund-Mæland*



EPIPHANY BØKER

ISBN 978-82-93330-07-3



9 788293 330073 >

bok.epiphany.no